



## SAKSGANG

| Utval                             | Møtedato   | Saksnr. i utval |
|-----------------------------------|------------|-----------------|
| Utval for samfunn, plan og næring | 22.01.2025 | 005/25          |
| Kommunestyret                     | 05.02.2025 | 003/25          |

|                           |                   |              |
|---------------------------|-------------------|--------------|
| Saksbehandlar:            | Arkivsak – dok.nr | 20/8045 – 47 |
| Elisabeth Pettersen Tveit | Journalpostnr.    | 24/36265     |

### Uttale til konsesjonssøknad av nye kraftverk i Røldal–Suldal-reguleringa

|                                                                               |
|-------------------------------------------------------------------------------|
| <b>Vedlegg</b>                                                                |
| Ullensvang kommune si vilkårsliste ved konsesjon for Røldal 2 og Novle 2      |
| Rådmannen sine vurderingar av konsekvensutgreiingsrapportane                  |
| 1. NVE sitt høyringsbrev for revisjonsdokument og søknadar om 5 nye kraftverk |
| 2. Kunngjering frå NVE om revisjonsdokument og søknadar om 5 nye kraftverk    |
| 3. Oversendelsesbrev frå Lyse–RSK                                             |
| 4. Konsesjonssøknad for OU                                                    |
| 5. Kart eksisterande og planlagte kraftverk RSK                               |
| 6. Kart, plan og lengdesnitt Novle 2 pumpekraftverk                           |
| 7. Kart, plan og lengdesnitt Røldal 2 pumpekraftverk                          |
| 8. Oversiktskart reguleringsområde RSK                                        |
| 9. Søknadskart vest RSK OU                                                    |
| 10. Prinsippskisse RSK anlegga                                                |
| 11. Eigedommar som vert råka av tiltak vest RSK OU                            |
| 12. Konsekvensutgreiing fagrapport landskap                                   |
| 13. Konsekvensutgreiing fagrapport naturmangfald                              |
| 14. Konsekvensutgreiing fagrapport villrein                                   |
| 15. Konsekvensutgreiing fagrapport friluftsliv                                |
| 16. Konsekvensutgreiing fagrapport naturressursar                             |
| 17. Konsekvensutgreiing fagrapport hydrologi                                  |
| 18. Hydrologiske data                                                         |
| 19. Konsekvensutgreiing fagrapport samfunn                                    |
| 20. Økonomisk ringverknadsanalyse frå SØA for 5 omsøkte kraftverk i RSK       |
| 21. Konsekvensutgreiing fagrapport skredfare                                  |
| 22. Konsekvensutgreiing fagrapport forureining                                |
| 23. Konsekvensutgreiing fagrapport kulturmiljø                                |
| 24. Konsekvensutgreiing fagrapport fisk, ferskvassorganismar og vassmiljø     |

|                                                                                       |
|---------------------------------------------------------------------------------------|
| Røldal golf – fagutredning naturmangfold                                              |
| Klimarapport for Odda, Ullensvang og Jondal (2018)                                    |
| NVE rettleiar – Midlertidige anleggsveggar og terrengtransport                        |
| Statsforvaltaren i Vestland sin uttale til revisjonssdokument og konsesjonssøknad RSK |
| Røldal grunneigarlag sin uttale til revisjonssdokument og konsesjonssøknad RSK        |
| Røldal byggdalag sin uttale til konsesjonssøknad RSK                                  |

#### Saka blir avgjort av:

Kommunestyret

#### Tilråding frå rådmannen:

1. Ullensvang kommunestyre rår til at Noregs vassdrags- og energidirektorat gjev Lyse Kraft DA på vegne av RSK DA løyve til konsesjon for Røldal 2 pumpekraftverk og Novle 2 pumpekraftverk. Ved konsesjon ynskjer Ullensvang kommune vilkåra i vedlegget "*Ullensvang kommune si vilkårliste ved konsesjon for Røldal 2 og Novle 2*" oppfylte.
2. Ullensvang kommunestyre ber Energidepartementet utarbeida eit regelverk som er tilpassa pumpe- og effektkraftverk, slik at vertskommunane sine rettar vert ivaretekne.
3. Ullensvang kommunestyre ber NVE påleggje Lyse Kraft DA å inngå utbyggingsavtalar med vertskommunane Ullensvang og Suldal.
4. Nye miljøvilkår må fastsettast i revisjonssaka før ny konsesjonssøknad vert vurdert, og få verknad i ny konsesjonssak for pumpe- og effektkraftverk Røldal 2 og Novle 2.

**Kommunestyret 05.02.2025**

#### Fellesframlegg, sett fram av Roald Aga Haug, Arbeidarpartiet

Som tilrådinga frå utval for samfunn plan og næring, men med enkelte tillegg/endingar (*i kursiv*):

#### ENDRINGSFORSLAG I RAUDT:

#### INNSTILLING FRÅ USPN:

1. Dokumentet under: **Uttale til konsesjonssøknad av nye kraftverk i Røldal-Suldal-reguleringa**
2. Ullensvang kommunestyre ber Energidepartementet utarbeida eit regelverk som er tilpassa pumpe- og effektkraftverk, slik at vertskommunane sine rettar vert ivaretekne.
3. Ullensvang kommunestyre ber NVE påleggje Lyse Kraft DA å inngå utbyggingsavtalar med vertskommunane Ullensvang og Suldal.

4. Nye miljøvilkår må fastsettast i revisjonssaka før ny konsesjonssøknad vert vurdert, og få verknad i ny konsesjonssak for pumpe- og effektkraftverk Røldal 2 og Novle 2.

#### *TO NYE PUNKT*

5. *Ullensvang kommune meiner at konsesjonssøknaden frå Lyse Kraft DA/RSK ikkje er godt nok førebudd. Kommunen krev at NVE pålegg Lyse Kraft DA/RSK å hente inn ei uavhengig vurdering av kva miljøkonsekvensane av pumpekraft vil vere jf. Vassdragsreguleringslova § 11 tredje ledd.*
6. *Ullensvang kommune krev at ein behandlar søknadane om utbygging i austre- og vestre vassdrag kvar for seg. Utfordringane, samt lokale konsekvensar av dei to utbyggingane, er ikkje samanliknbare. Den direkte påverknaden på innbyggjarar, og lokalsamfunn, er vesentleg større i vestre vassdrag.*

Nytt forslag til pkt 1:

#### **Uttale til konsesjonssøknad av nye kraftverk i Røldal–Suldal-reguleringa**

Ullensvang kommunestyre rår i frå at **OED** gjev Lyse Kraft DA på vegne av RSK DA konsesjon for Røldal 2 pumpekraftverk og Novle 2 pumpekraftverk.

Utbyggingane har negative konsekvensar. Kommunestyret ser det ikkje sannsynleg at avbøtande tiltak veg opp for negative konsekvensar.

Kommunestyret viser til statsforvaltarane sine innsigelsar og krav. Ullensvang stiller seg bak desse. Kommunen kan ikkje så langt sjå at søkaren har vist tilstrekkeleg vilje til å imøtekomma moderne miljø og naturkrav.

Ullensvang kommunestyre kan ikkje stilla seg positive til utbygginga utan at ei rekke krav vert ivaretekne:

- Nye miljøvilkår må fastsettast i revisjonssaka før ny konsesjonssøknad vert vurdert, og få verknad i ny konsesjonssak for pumpe- og effektkraftverk Røldal 2 og Novle 2.
- Valldalsvegen må overførast til RSK og oppgraderast. *Forpliktande formuleringar om RSK sitt ansvar for vegen må inkluderast i konsesjonsvedtaket.* Det er avgjerande at det vert sikra tilkomst heile året.
- Omsyna til reinsdyr må ivaretakast. Anten ved å gå bort frå inngrep som er negative for reinsdyra, eller ved å avbøta med tiltak som veg opp for konsekvensane. Her skiller eitt tiltak seg ut; **Det må byggast lang Haukelitunnel.** Tiltaket vil gje det desidert største moglege samanhengande området for villrein.
- Eventuell steinfylling ved Røldalsvatnet må legga til rette for permanent og trygt båtald slik bygdefolket har bedt om. Steinfyllinga må tilretteleggast i tråd med lokale ønske. Til dømes som areal til planlagt golfbane og utbygging av denne.
- Utbyggingsavtale – Utbygginga vil i ei tid medføre store belastningar i Røldalsbygda. Dette må ivaretakast i ei utbyggingsavtale som sikrar lokale positive effektar. Avtala må *mellom anna* innehalda forpliktande avtalar om at ein bygger enkelte permanente bygningar i staden for midlertidige brakker. Og at bygningane kan overdragast **vederlagsfritt** til kommunen etter utbygginga. Vidare må eventuell steinfylling opparbeidast med ferdig areal som golfbane, som for tida er planlagt på anna areal.
- Ullensvang kommune krev at det kjem forpliktande formuleringar om lokale stillingar i konsesjonsvedtaket.

- Det er ei klar forventning at RSK skal vera ein sterk bidragsytar til lokalssamfunnet gjennom bidrag til idrett, kultur, frivillig arbeid og friluftsliv. Særleg ser ein satsing på Pilgrimssenter som eitt prosjekt konsesjonæren bør bidra til.
- Det må gjerast trafikktryggleikstiltak på vegar som gjer utbygginga til ei minst mogleg belastning for lokalbefolkninga.
- Ein visar ellers til vedlegget "Ullensvang kommune si vilkårsliste ved konsesjon for Røldal 2 og Novle 2."
- Tilrettelegging for lokale leverandørar. RSK skal i samarbeid med Kommunen arbeida for at lokalt næringsliv er budde og rusta til å posisjonera seg for tenesteleveranser i høve til utbyggingsprosjekta. RSK skal søka å leggja til rette for at lokale leverandørar kan konkurra om oppdrag, enten direkte eller indirekte som underleverandørar/–entreprenørar. Det finst mange bedrifter lokalt som har lang erfaring og kompetanse til å utføra store prosjekt. Dei vil vera nøkkelfressursar ved ei eventuell utbygging.

### Behovet for kraftverka

Kommunen ser at ulike rikspolitikarar uttalar seg ukorrekt om utbygginga. Moderniseringa av RSK medfører reduksjon i netto produksjon av kraft. Det vil sei at ein skal bruke 1 TWh til å pumpe opp vatn, og produsere 0.8 TWh. Det er uheldig at det stadig vert opplyst det motsette. Utbygginga medfører ei halvering av antal driftstimar ved anlegget. Dei nye kraftverka har større turbinar som gjer større *natur- og miljøulemper*. Anlegga skal produsere straum med høge prisar. Ifølge myndigheitene skal slike kraftanlegg balansere kraftproduksjonen til store vindkraftanlegg. Ikkje minst framtidige dyre havvindparkar. Dyr effekt og pumpekraft skal balansere dyr havvind. Det må avklarast korleis dette påverkar framtidige straumprisar og nettavgifter til forbrukarane.

### Usikre økonomiske konsekvensar

Uavhengig av andre konsekvensar, er det uavklarte økonomiske konsekvensar av tiltaket. Ullensvang kommune har bedt om å få lagt fram konkrete heilskaplege økonomiske konsekvensar for vertskommunane. Så langt kan vi ikkje sjå at søkaren har greidd å leggja dette fram. Det er uråd for kommunen å konkludere med om tiltaket medfører økonomisk vinst eller tap. Dersom tiltaka gjer økonomisk vinst, verkar dei i beste fall å vera marginale. Dei kan vere negative økonomiske følger i lang tid. I strid med regjeringa sine målsettingar om at vertskommunar for naturressursar skal få meir att for å stille naturen til disposisjon for storsamfunnet. *Kraftanlegget sin nettoproduksjon går ned med 200 GWh, og bruttoproduksjonen går opp med 800 Gwh, ved at det er lagt opp til å kjøpa rimeleg kraft for å pumpe vatn opp i magasin.* Lyse Kraft DA/RSK har estimert at Ullensvang kommune vil få omlag 10 millionar kroner i årlege auka skatteinntekter. Lyse Kraft DA/RSK meiner sjølv at tala er usikre.

Ullensvang kommune krev at kommunen og RSK inngår bindande avtale om at kommunen sine samla årlege inntekter minimum skal auke med 10 millionar frå dagens nivå. Summen skal indeksjusterast kvart år.

### Kraftverka som tener mest skattar minst

Verdet (taksten) av anlegg som nemnt i skatteloven § 18–5 første leden skal ikkje settast høgare enn kr 2.74/kWh av 1/7 av grunnlaget for anlegget si samla produksjon av elektrisk kraft for inntektsåret og dei seks foregåande åra.

Dei fleste anlegg har nådd maksimumsverdien. Mange med særleg god margin. Effekt og

pumpekraftverk som ved RSK, vil ligga svært langt over makstaket på kr 2.74/kWh. Eigedomsskatt på kraftverk fangar ikkje lenger opp den reelle omsetningsverdi, men er blitt ei fast avgift på kr 2.74/kWh, stikk i strid med all logikk. Dette må vere den einaste skatten der ein skattar minst når ein tener mest. Regelverket må endrast ved at makstaket vert fjerna. Då vil ein skatta i høve reell omsetningsverdi. Dette er ei endring vi oppfattar at også søkaren ønsker.

### **Andre tilhøve**

RSK skulle heimfalla til staten i 2022. Då konsesjonen var 60 år. Kommunane har forhaldd seg til dette. Ved ulike lovendringar gjorde staten det mogleg for selskapa å unngå heimfall. Stikk i strid med intensjonen. Såleis har staten mista store verdier til evig tid. Vidare har fylkeskommunane og kommunane tapt sin andel av heimfallet til evig tid. Vi kan ikkje sjå at dette har vore i staten, fylkeskommunane, eller kommunane sine interesser. Innbyggjarane nasjonalt og lokalt har tapt. Vidare er i praksis den grunnfesta heimfallsretten med dette undergravd.

### **Næringsfond**

Stortinget har pålagt NVE å vurdere næringsfond. Inngrepa RSK medfører er uakseptable i dag. Inngrepa ville ikkje blitt godkjent. Oppgraderinga fører til ytterlegare naturinngrep i tillegg til dei allereie uakseptable inngrepa som er gjort. Grunnlaget for næringsfond er at det skal vere store inngrep. Den terskelen er overtrådt med svært god margin. Det er få om nokon kraftanlegg som har så store natur og miljøkonsekvensar som RSK. Basert på samanliknbare anlegg, er Ullensvang kommune komen fram til at eitt næringsfond må ha ein eingongssum på 250 millionar kroner. Fortrinnsvis ønsker vi årlege utbetalingar.

### **Eigarskap**

Eigarane av kraftverk kjem i dag stadig betre ut økonomisk sett. Vertskommunane opplever stadig oppattakande trugsmål mot å få sin andel av verdiskapinga. Eigarkommunar opplever ikkje desse trugsmåla og får behalda aukande verdiskaping frå kraftanlegg. Sidan det jamnleg vert framsett trugsmål mot vertskommunane sin andel av verdiskapinga (som t.d. Sanderudutvalet), vil det tryggaste for vertskommunane til RSK vere å få ein andel av eigarskapen. Det ville i motsetnad til andre høve, sikra at vertskommunane også i framtida kan vera rimeleg trygge på å få ein andel av verdiskapinga lokalt.

### **Fellesframlegg, sett fram av Vidar Solvi, Arbeidarpartiet**

#### **VEDLEGGET TIL KONSESJONSSØKNADEN:**

*Som tilrådinga frå rådmannen, men med enkelte tillegg/endringar (i kursiv):*

#### **VEDLEGGET TIL KONSESJONSSØKNADEN:**

*Ullensvang kommune si vilkårsliste ved konsesjon for Røldal 2 og Novle 2*

#### **Generelt**

- *Ullensvang kommune fryktar fagrapportane som vart utarbeida i 2019, som grunnlag for RSK sin vilkårsrevisjon, i for liten grad belyser dei lokale utfordringane. Ei mengd innspel frå privatpersonar og interesseorganisasjonar kan tyde på at brukarerfaringar frå 60 år med drift av RSK-anlegga ikkje er tilstrekkeleg belyst. Det er sær*

*utfordrande å få oversikt over alle detaljar og utfordringar som har oppstått i samband med reguleringa. Ullensvang kommune må difor vere audmjuk på at ein i samband med utredningsprogrammet i 2019 kan ha utelatt viktige utfordringar som burde vore belyst. Dette kan likevel ikkje nyttast som ei kvilepute no. Det må vere regulanten sitt ansvar aleine å belyse alle negative, eller positive, sider ved RSK-anlegga. Ullensvang kommune ber soleis NVE om å vektlegge innspel frå lokale aktørar høgt. Desse kjenner historikk, området og reguleringseffektane kraftanlegget har på lokalsamfunnet betre enn nokon.*

- Ullensvang kommune krev at nye miljøvilkår må fastsettast i revisjonssaka før ny konsesjonssøknad vert vurdert. Desse miljøvilkåra må få verknad i ny konsesjonssak for pumpe- og effektkraftverk Røldal 2 og Novle 2. Alle krav framstilt av Ullensvang kommune i vilkårsrevisjonen for RSK-anlegga, vert vidareført også i denne konsesjonssøknaden.*
- Alle avbøtande tiltak foreslått i konsekvensutgreiingane utarbeidd av Norconsult skal gjennomførast.*

#### **Krav om tiltak som inneber magasinrestriksjonar og/eller vasslepp:**

- Ullensvang kommune ber konsesjonæren leggje fram eit utbyggingsalternativ kvar Røldalsvatnet ikkje vert nytta som «pumpekraft-magasin». Hyppige, uforutsigbare, svingningar av eit vatn midt i Røldalsbygda kan få store negative lokale konsekvensar.*
- Sekundært forventar Ullensvang kommune at det ved etablering av eit eventuelt pumpekraftverk i Røldalsvatnet, vert pålagt innskrenkingar i LRV. Ullensvang kommune forventar at ein ny konsesjon vert basert på dagens natur- og miljøkrav. Reguleringshøgda må reduserast betydeleg. Det må setjast krav til kor mykje vasstanden i vatnet kan endre seg per døgn. Det må fastsetjast eit manøvreringsreglement som krev at Røldalsvatnet er fullt i frå mai til november. Dette må spesifiserast med datoar. I denne perioden kan det ikkje tillatast stor reguleringsvariasjon.*
- Problematikken rundt frostrøyk må utgreiast. Ein må synleggjere om overvatn på eit islagt vatn vil skape problem dei kaldaste vinterdagane. Det kan ikkje gjevast løyve til å produsere, eller pumpe vatn frå magasinet på ein slik måte som at det forverrar problema ein har ved dagens anlegg.*
- Ein må vurdere endringar i HRV/LRV i Valldalsvatnet og Votna, i ljøs av moderne natur- og miljøkrav, om desse vert endra til «pumpekraft-magasin».*
- Krav om minstevassføring i alle bekker og elver*
- Kommunen krev at manøvreringsregima vert oppdatert til moderne natur- og miljøkrav. Desse må vere slik at erosjonsskader vert redusert.*

#### **Landskap**

- Landskapsinngrep må gjerast så små som mogleg, stadeigne massar må takast vare på og nyttast til revegetering.*

#### **Naturmangfald**

- Anleggsvegar og andre midlertidige arealbehov som til dømes riggområde **skal** leggjast utanfor myr, snøleier og våtmarksområde. Det **skal** også visast aktsemd ved ferdsel på rabbar med tynt vegetasjonsdekke.*

- *Ullensvang kommune visar til tilrådde avbøtande tiltak som går fram frå fagrapporten, særleg til at det vert teke mest mogleg omsyn i anleggsfasen.*
- *Rapport utført av Norconsult på bestilling frå Ullensvang kommune, datert til 25.10.22 "Røldal Golf- Fagutredning Naturmangfold" bør nyttast som kunnskapsgrunnlag i vurdering av naturmangfald, spesielt knytt til tiltak for Røldal 2 pumpekraftverk.*
- *Ein forventar at det vert utarbeida eit betre kunnskapsgrunnlag om alle vassførekomstane som er påverka av Røldal-Suldal-reguleringa, for å få eit godt nok kunnskapsgrunnlag til å klassifisera vassførekomstane med høg presisjon i Vann- Nett. Deretter utarbeida og gjennomføra eigna tiltak for å betra miljøtilstand til "Godt økologisk potensial".*

### **Villrein**

*Ullensvang kommune krev at kunnskapsgrunnlaget for villrein må styrkjast, både for Hardangervidda- og Setesdal-Ryfylke villreinområde. Konklusjonane, og innhaldet, i fagrapportane samsvarar verken med lokal oppfatning, eller den hjå dei utnemnde forvaltningsorgana. Det må stillast krav om at det vert utarbeida nye fagrapportar, av uavhengige aktørar.*

*Ullensvang kommune visar her til brev innsendt 9. juli, samt fråsegner frå Villreinnemnda for Hardangervidda, Villreinnemnda for Setesdal-Ryfylke, Statsforvalteren i Vestland, Statsforvalteren i Rogaland, Statsforvalteren i Vestfold og Telemark og Statsforvalteren i Agder.*

*Ullensvang kommune støttar, og opprettheld, alle krav om tilleggsutgreiingar som framkjem av desse fråsegnene. Tiltak som ikkje forringar trekkvegane, eller redusere den samla belastninga for villrein, må ha høg prioritet i behandlinga av konsesjonssøknaden.*

*Det er til dømes avgjerdane at ein:*

- *Skaffer betre kunnskap om påverknad og konsekvens for villreinstamma på Hardangervidda.*
- *Vurderer konsekvensane for villreinen ved pumpekraftverk i Valldalen og Votna.*
- *Vurderer konsekvensane for villreinen ved Votna ved nytt pumpekraftverk og ny tunneltrasé for E134.*
- *Ikkje forringar trekkorridorar verken om sommar- eller vinterstid.*
- *Vurderer om pumpekraftverk kan nyttast vinterstid utan å øydelegge trekkvegane til villrein over islagte vatn*
- *Vurderer om tersklar over Votna kan ha ein positiv effekt. Då slik at villrein kan passera over i tråd med forvaltningsmåla.*
- *Ikkje arbeider under kalvingsperiodane.*
- *Anleggsarbeidet unngår å forstyre villreinen i vinterhalvåret*
- *Etablerer villreinfond for Hardangervidda og Setesdal-Ryfylke villreinområde.*

### **Konsekvensar for friluftsliv, vegar og tilkomst**

- *Regulanten må sikra permanent tilgang til Valldalen og Hardangervidda heile året, slik at lokalbefolkning, og oppsittjarar, kan nytte Valldalen som forutsett. Om isen ikkje kan nyttast som ferdselsåre, må det vere konsesjonæren sitt ansvar å etablere ein sikker alternativ trase. Ullensvang kommune krev at dette kjem inn som konsesjonsvilkår.*

- *Fungerande båtutsett må etablerast i alle reguleringsmagasin, for å tilretteleggje for fisking og båtbruk. I dei større reguleringsmagasina (Valldalen og Røldalsvatnet) må ein etablere fleire båtutsett, som er fordelt rundt vatnet.*
- *Kartlegge påverking for bruk av Votna for ski. Ein må gjere greie for om det er mogleg å etablere ei sikker skiløype rundt magasinet.*
- *Tilretteleggje for fisking, båtbruk og bading i Røldalsvatnet uavhengig av vasstand.*

### Naturressursar

- *Ein skal gjennomføra ytterlegare undersøkingar knytt til strømningsforholda i området mellom Røldalsvatnet med deponi på Fjetland og grunnvassbrønnane til Røldal vassverk. Det må gjennomførast ei risikovurdering knytt til deponering av massar innanfor Røldal vassverk si omsynssone 3.*
- *Konsesjonær må påleggjast å koste reservervassbrønn ved Røldal vassverk. Ullensvang kommune krev at konsesjonær får det fulle og heile økonomiske ansvaret for utbetring av grunnvassbrønnane, om desse i framtida vert påverka grunna avrenning frå deponia.*
- *Ullensvang kommune krev at det vert gjennomført ei ny vurdering for konsekvensar i landbruket. Ein ynskjer primært at mest mogleg av steinmassane vert nytta til samfunnsnyttige formål. Ein må til dømes vurdere om ein kan nytte massane til nydyrking, eller utbetring av eksisterande landbruksareal. Slike tiltak skal i tilfelle prioriterast, og det bør følgje med gjennomføringsbidrag frå regulanten. Ein må greie ut kva konsekvensar det får om deponiet overlappar med jordbruksland på eigedom gnr./bnr. 30/1.*
- *Utslepp, søl og uhell knytt til anleggsmaskiner, anleggsarbeid og transport kring vassverk må vera del av risikovurderinga som skal utførast.*

### Hydrologi og hydrologiske data

- *Kartlegging og overvåking av moglege område som kan verta påverka av hydrologiske effekter, som erosjon, og eventuell utbetring av lokale punkt med erosjon, må verta vurdert etter behov.*
- *Lyse Kraft DA må utarbeide ein skiltplan for å opplyse om dei områda som no får endra vassføring, då isdanninga vil verta svekka grunna pumping.*
- *Utarbeide eit prøvereglement på minimum 5 år for å optimalisere ei best mogleg tilpassa vassføring, og at vassføring kan verte revidert om ho ikkje gjev tilfredsstillande omsyn til eller betring av samfunn og miljø.*

### Samfunn

- *Konsesjonæren må påleggjast å greie ut alternative massedeponi, og vurdere å fordele steinmassane mellom fleire lokasjonar, om dette gjev ein avbøtande effekt. Til dømes skal ein sjå om dette kan vere hensiktsmessig å utvide arealet til noverande kraftstasjon sydover. Ein må leggje fram ein plan for samfunnsnyttig bruk av steinmassane. Samtidig må ein konsekvensutgreie alternative trasear for massetransport, spesielt alternativ vest for massetransport til Liamyrane.*
- *Primært ynskjer ein at all transport til og frå kraftstasjonen i Lynghamrane går utanom sentrum. Regulanten må også i denne samanheng konsekvensutgreie alternativ vest. Ullensvang kommune krev at regulanten gjennomfører dei avbøtande tiltaka som er naudsynte for å trafikkisikre skule-, barnehage- og idrettsområdet.*

*Midlertidig steinfylling, og vegtrase, over det gamle elveløpet ved kanalen, skal vurderast som alternativ til noverande bru.*

- *I anleggsperioden kan det vere behov for restriksjonar knytt til arbeidstid for støyande arbeider og eventuell tungtransport gjennom Røldal sentrum.*
- *Konsesjonæren må påleggjast å greie ut kva ei eventuell steinfylling i Røldal kan nyttast til. Dette skal gjerast i samråd med Ullensvang kommune. Kostnadane med etablering av eventuelle tiltak skal dekkjast av konsesjonæren. Dømer på tiltak kan vere golfbane, ski- og turløyper, båtutsett, båtanlegg osv.*
- *Krav om skjerming og reinhald knytt til støy og støvplager for bustadar og andre bygg under anleggsperioden.*
- *Det må gjerast vurderingar av folkehelse ved transport av massar gjennom Røldal sentrum.*
- *Vegen til kraftstasjonen i Lynghamrane er ein skuleveg. På Fjetland er denne smal, utan gateljos eller fortau. Konsesjonæren må påleggjast å utbetre dette, frå avkøyring ved E134 til kraftstasjonen i Lynghamrane.*

### Skredfare

- *Tiltak må nytta gjeldande regelverk for vurdering av skredfare.*

### Forureining

- *Lyse Kraft DA må gjere greie for konsekvensane av støy og støv for vegtrasé alternativ vest henta frå side 31 av 43 i Norconsult sin fagrapport "Samfunn", og vurdere oppgradering av vegen og brua for å tole anleggstrafikk. ***Ein skal alternativt greie ut om ein kan etablere midlertidig vegtrase over det gamle elveløpet.****
- *Lyse Kraft DA må gjere greie for anleggsstøy og støv for transport av massar frå dam Valldalen til deponi Liamyane.*
- *Støvspreiing frå tungtrafikk vil kunna verke skjemmande for bebuarar langs vegen, og følgjande tiltak bør vurderast i anleggsperioden:*
  - *Regelmessig feiing/reingjering av anleggsvegar med hardt dekke*
  - *Regelmessig feiing/reingjering av offentleg veg der anleggstrafikk køyrer*
  - *Reingjering av dekk på anleggskøyretøy/lastebilar før utkøyring på offentleg veg*
  - *Tildekking eller vatning av last om støvspreiinga vert stor ved transport av massar*
  - *Tidsbegrensing av tungtrafikktransport bør vurderast i periodar når lokalsamfunnet er sårbart for luftforureining.*
- *Ullensvang kommune forventar at steinmassar og deponi vert handtert i samsvar med gjeldande lovverk. Nytteverdi, geologi og kjemisk samansetning vil vere usikker fram til det er gjennomført kvalitetsanalyser og kontroll av dei utsprengte massane. Ullensvang kommune er positiv til å nytte tunnelmassane til noko samfunnsnytting, om kvaliteten til massane tillet dette. Framtidige, og utforutsette utgifter i samband med forureining frå steinmassar, deponi, eller avrenning frå deponi, må vere konsesjonæren sitt ansvar, uavhengig av framtidig eigarskap til deponiområdet.*
- *Ved utvikling av deponiområde til samfunnsnyttige formål må det følgja med årlege midlar til vedlikehald, dersom kommunen, eller andre, skal ta over eigarskapet til deponiområda. Desse midlane skal fastsetjast, og indeksregulerast årleg. Døme på*

*tiltak som kan vere aktuelle er vidareføring og vidareutvikling av skiløyper, saman med eventuelt golfbaneanlegg. Slik vil området ha mogleg bruk heile året.*

### **Kulturmiljø**

- *Det er føremålstenleg å sjå på avbøtande tiltak, herunder rekkjefølgjekrav om trygging/utbetring av ferdselsveggar langs strandsona, der det let seg gjennomføre utan for store ulemper for naturen. Avbøtande tiltak utformast i dialog med grunneigarar og andre interessenter som kjenner til problematikken i områda.*

### **Fisk og vassmiljø**

- *Krav om minstevassføring i alle bekkar og elvar*
- *Etablere ei grundig overvaking av vasskvalitet og fiskebestand i alle berørte vassdrag, for å kunne vurdere effekten av tiltaka og eventuelt justere praksis.*
- *Tiltak for å hindra spreining av ørekyte frå Votna til Storelva/Røldalsvatnet*
- *Spyleflaumar i Storelva bør ikkje reduserast*
- *Røldal Fiskefond vart oppretta som ein del av konsesjonsvedtaket i 1963. Regulanten må påleggjast årlege innbetalingar til dette fondet på kr 50 000. Summen skal indeksjusterast kvart år med utgangspunkt i 2019.*

### **Forslag ekstra tekst:, sett fram av Tor Helge Haara Tjemsland, Arbeidarpartiet**

Etter tekst "Det må fastsetjast eit manøveringsreglement som krev at Røldalsvatnet er fullt i frå mai til november." Legg ein til teksten: "Omsyn til flaumsikring må likevel vere ein viktig del av vurderinga."

### **Røysting:**

Pkt 1 – 6 i fellesframlegget, framsett av ordførar Roald Aga Haug vart samrøystes vedteke. Fellesframlegget framsett av Vidar Solvi vart samrøystes vedteke. Framlegget frå Tor Helge Tjemsland vart samrøystes vedteke.

### **KST – 003/25 Vedtak**

1. Dokumentet under: **Uttale til konsesjonssøknad av nye kraftverk i Røldal–Suldal–reguleringa**
2. Ullensvang kommunestyre ber Energidepartementet utarbeida eit regelverk som er tilpassa pumpe- og effektkraftverk, slik at vertskommunane sine rettar vert ivaretekne.
3. Ullensvang kommunestyre ber NVE påleggje Lyse Kraft DA å inngå utbyggingsavtalar med vertskommunane Ullensvang og Suldal.
4. Nye miljøvilkår må fastsettast i revisjonssaka før ny konsesjonssøknad vert vurdert, og få verknad i ny konsesjonssak for pumpe- og effektkraftverk Røldal 2 og Novle 2.
5. Ullensvang kommune meiner at konsesjonssøknaden frå Lyse Kraft DA/RSK ikkje er godt nok førebudd. Kommunen krev at NVE pålegg Lyse Kraft DA/RSK å hente inn ei uavhengig vurdering av kva miljøkonsekvensane av pumpekraft vil vere jf. Vassdragsreguleringslova § 11 tredje ledd.
6. Ullensvang kommune krev at ein behandlar søknadane om utbygging i austre- og vestre vassdrag kvar for seg. Utfordringane, samt lokale konsekvensar av dei to

utbyggingane, er ikkje samanliknbare. Den direkte påverknaden på innbyggjarar, og lokalsamfunn, er vesentleg større i vestre vassdrag.

### **Uttale til konsesjonssøknad av nye kraftverk i Røldal–Suldal-reguleringa**

Ullensvang kommunestyre rår i frå at OED gjev Lyse Kraft DA på vegne av RSK DA konsesjon for Røldal 2 pumpekraftverk og Novle 2 pumpekraftverk.

Utbyggingane har negative konsekvensar. Kommunestyret ser det ikkje sannsynleg at avbøtande tiltak veg opp for negative konsekvensar.

Kommunestyret viser til statsforvaltarane sine innsigelsar og krav. Ullensvang stiller seg bak desse. Kommunen kan ikkje så langt sjå at søkaren har vist tilstrekkeleg vilje til å imøtekomma moderne miljø og naturkrav.

Ullensvang kommunestyre kan ikkje stilla seg positive til utbygginga utan at ei rekke krav vert ivaretekne:

- Nye miljøvilkår må fastsettast i revisjonssaka før ny konsesjonssøknad vert vurdert, og få verknad i ny konsesjonssak for pumpe- og effektkraftverk Røldal 2 og Novle 2.
- Valldalsvegen må overførast til RSK og oppgraderast. Forpliktande formuleringar om RSK sitt ansvar for vegen må inkluderast i konsesjonsvedtaket. Det er avgjerande at det vert sikra tilkomst heile året.
- Omsyna til reinsdyr må ivaretakast. Anten ved å gå bort frå inngrep som er negative for reinsdyra, eller ved å avbøta med tiltak som veg opp for konsekvensane. Her skiller eitt tiltak seg ut; **Det må byggast lang Haukelitunnel**. Tiltaket vil gje det desidert største moglege samanhengande området for villrein.
- Eventuell steinfylling ved Røldalsvatnet må legga til rette for permanent og trygt båthald slik bygdefolket har bedt om. Steinfyllinga må tilretteleggast i tråd med lokale ønske. Til dømes som areal til planlagt golfbane og utbygging av denne.
- Utbyggingsavtale – Utbygginga vil i ei tid medføre store belastningar i Røldalsbygda. Dette må ivaretakast i ei utbyggingsavtale som sikrar lokale positive effektar. Avtala må mellom anna innehalda forpliktande avtalar om at ein bygger enkelte permanente bygningar i staden for midlertidige brakker. Og at bygningane kan overdragast vederlagsfritt til kommunen etter utbygginga. Vidare må eventuell steinfylling opparbeidast med ferdig areal som golfbane, som for tida er planlagt på anna areal.
- Ullensvang kommune krev at det kjem forpliktande formuleringar om lokale stillingar i konsesjonsvedtaket.
- Det er ei klar forventning at RSK skal vera ein sterk bidragsytar til lokalssamfunnet gjennom bidrag til idrett, kultur, frivillig arbeid og friluftsliv. Særleg ser ein satsing på Pilgrimssenter som eitt prosjekt konsesjonæren bør bidra til.
- Det må gjerast trafikktryggleikstiltak på vegar som gjer utbygginga til ei minst mogleg belastning for lokalbefolkninga.
- Ein visar ellers til vedlegget “Ullensvang kommune si vilkårsliste ved konsesjon for Røldal 2 og Novle 2.”
- Tilrettelegging for lokale leverandørar. RSK skal i samarbeid med Kommunen arbeida for at lokalt næringsliv er budde og rusta til å posisjonera seg for tenesteleveranser i høve til utbyggingsprosjekta. RSK skal søka å legga til rette for at lokale leverandørar kan konkurra om oppdrag, enten direkte eller indirekte som underleverandørar/–entreprenørar. Det finst mange bedrifter lokalt som har lang erfaring og kompetanse til å utføra store prosjekt. Dei vil vera nøkkelfressursar ved ei eventuell utbygging.

## **Behovet for kraftverka**

Kommunen ser at ulike rikspolitikarar uttalar seg ukorrekt om utbygginga. Moderniseringa av RSK medfører reduksjon i netto produksjon av kraft. Det vil sei at ein skal bruke 1 TWh til å pumpe opp vatn, og produsere 0.8 TWh. Det er uheldig at det stadig vert opplyst det motsette. Utbygginga medfører ei halvering av antal driftstimar ved anlegget. Dei nye kraftverka har større turbinar som gjer større natur- og miljøulempar. Anlegga skal produsere straum med høge prisar. Ifølge myndigheitene skal slike kraftanlegg balansere kraftproduksjonen til store vindkraftanlegg. Ikkje minst framtidige dyre havvindparkar. Dyr effekt og pumpekraft skal balansere dyr havvind. Det må avklarast korleis dette påverkar framtidige straumprisar og nettavgifter til forbrukarane.

## **Usikre økonomiske konsekvensar**

Uavhengig av andre konsekvensar, er det uavklarte økonomiske konsekvensar av tiltaket. Ullensvang kommune har bedt om å få lagt fram konkrete heilskaplege økonomiske konsekvensar for vertskommunane. Så langt kan vi ikkje sjå at søkaren har greidd å leggja dette fram. Det er uråd for kommunen å konkludere med om tiltaket medfører økonomisk vinst eller tap. Dersom tiltaka gjer økonomisk vinst, verkar dei i beste fall å vera marginale. Dei kan vere negative økonomiske følger i lang tid. I strid med regjeringa sine målsettingar om at vertskommunar for naturressursar skal få meir att for å stille naturen til disposisjon for storsamfunnet. Kraftanlegget sin nettoproduksjon går ned med 200 GWh, og bruttoproduksjonen går opp med 800 GWh, ved at det er lagt opp til å kjøpa rimeleg kraft for å pumpe vatn opp i magasinet. Lyse Kraft DA/RSK har estimert at Ullensvang kommune vil få omlag 10 millionar kroner i årlege auka skatteinntekter. Lyse Kraft DA/RSK meiner sjølv at tala er usikre.

Ullensvang kommune krev at kommunen og RSK inngår bindande avtale om at kommunen sine samla årlege inntekter minimum skal auke med 10 millionar frå dagens nivå. Summen skal indeksjusterast kvart år.

## **Kraftverka som tener mest skattar minst**

Verdet (taksten) av anlegg som nemnt i skatteloven § 18–5 første leden skal ikkje settast høgare enn kr 2.74/kWh av 1/7 av grunnlaget for anlegget si samla produksjon av elektrisk kraft for inntektsåret og dei seks foregåande åra.

Dei fleste anlegg har nådd maksimumsverdien. Mange med særleg god margin. Effekt og pumpekraftverk som ved RSK, vil ligga svært langt over makstaket på kr 2.74/kWh.

Eigedomsskatt på kraftverk fangar ikkje lenger opp den reelle omsetningsverdi, men er blitt ei fast avgift på kr 2.74/kWh, stikk i strid med all logikk. Dette må vere den einaste skatten der ein skattar minst når ein tener mest. Regelverket må endrast ved at makstaket vert fjerna. Då vil ein skatta i høve reell omsetningsverdi. Dette er ei endring vi oppfattar at også søkaren ønsker.

## **Andre tilhøve**

RSK skulle heimfalla til staten i 2022. Då konsesjonen var 60 år. Kommunane har forhaldd seg til dette. Ved ulike lovendringar gjorde staten det mogleg for selskapa å unngå heimfall. Stikk i strid med intensjonen. Såleis har staten mista store verdiar til evig tid. Vidare har fylkeskommunane og kommunane tapt sin andel av heimfallet til evig tid. Vi kan ikkje sjå at dette har vore i staten, fylkeskommunane, eller kommunane sine interesser. Innbyggjarane

nasjonalt og lokalt har tapt. Vidare er i praksis den grunnfesta heimfallsretten med dette undergravd.

### **Næringsfond**

Stortinget har pålagt NVE å vurdere næringsfond. Inngrepa RSK medfører er uakseptable i dag. Inngrepa ville ikkje blitt godkjent. Oppgraderinga fører til ytterlegare naturinngrep i tillegg til dei allereie uakseptable inngrepa som er gjort. Grunnlaget for næringsfond er at det skal vere store inngrep. Den terskelen er overtrådt med svært god margin. Det er få om nokon kraftanlegg som har så store natur og miljøkonsekvensar som RSK. Basert på samanliknbare anlegg, er Ullensvang kommune komen fram til at eitt næringsfond må ha ein eingongssum på 250 millionar kroner. Fortrinnsvis ønsker vi årlege utbetalingar.

### **Eigarskap**

Eigarane av kraftverk kjem i dag stadig betre ut økonomisk sett. Vertskommunane opplever stadig oppattakande trugsmål mot å få sin andel av verdiskapinga. Eigarkommunar opplever ikkje desse trugsmåla og får behalda aukande verdiskaping frå kraftanlegg. Sidan det jamnleg vert framsett trugsmål mot vertskommunane sin andel av verdiskapinga (som t.d. Sanderudutvalet), vil det tryggaste for vertskommunane til RSK vere å få ein andel av eigarskapen. Det ville i motsetnad til andre høve, sikra at vertskommunane også i framtida kan vera rimeleg trygge på å få ein andel av verdiskapinga lokalt.

### **VEDLEGGET TIL KONSESJONSSØKNADEN:**

Ullensvang kommune si vilkårsliste ved konsesjon for Røldal 2 og Novle 2

#### **Generelt**

- Ullensvang kommune fryktar fagrapportane som vart utarbeida i 2019, som grunnlag for RSK sin vilkårsrevisjon, i for liten grad belyser dei lokale utfordringane. Ei mengd innspel frå privatpersonar og interesseorganisasjonar kan tyde på at brukarerfaringar frå 60 år med drift av RSK-anlegga ikkje er tilstrekkeleg belyst. Det er særskild utfordrande å få oversikt over alle detaljar og utfordringar som har oppstått i samband med reguleringa. Ullensvang kommune må difor vere audmjuk på at ein i samband med utredningsprogrammet i 2019 kan ha utelatt viktige utfordringar som burde vore belyst. Dette kan likevel ikkje nyttast som ei kvilepute no. Det må vere regulanten sitt ansvar aleine å belyse alle negative, eller positive, sider ved RSK-anlegga. Ullensvang kommune ber soleis NVE om å vektlegge innspel frå lokale aktørar høgt. Desse kjenner historikk, området og reguleringseffektane kraftanlegget har på lokalsamfunnet betre enn nokon.
- Ullensvang kommune krev at nye miljøvilkår må fastsettast i revisjonssaka før ny konsesjonssøknad vert vurdert. Desse miljøvilkåra må få verknad i ny konsesjonssak for pumpe- og effektkraftverk Røldal 2 og Novle 2. Alle krav framstilt av Ullensvang kommune i vilkårsrevisjonen for RSK-anlegga, vert vidareført også i denne konsesjonssøknaden.
- Alle avbøtande tiltak foreslått i konsekvensutgreiingane utarbeidd av Norconsult skal gjennomførast.

### **Krav om tiltak som inneber magasinrestriksjonar og/eller vasslepp:**

- Ullensvang kommune ber konsesjonæren leggje fram eit utbyggingsalternativ kvar Røldalsvatnet ikkje vert nytta som «pumpekraft-magasin». Hyppige, uforutsigbare, svingningar av eit vatn midt i Røldalsbygda kan få store negative lokale konsekvensar.
- Sekundært forventar Ullensvang kommune at det ved etablering av eit eventuelt pumpekraftverk i Røldalsvatnet, vert pålagt innskrenkingar i LRV. Ullensvang kommune forventar at ein ny konsesjon vert basert på dagens natur- og miljøkrav. Reguleringshøgda må reduserast betydeleg. Det må setjast krav til kor mykje vasstanden i vatnet kan endre seg per døgnet. Det må fastsetjast eit manøveringsreglement som krev at Røldalsvatnet er fullt i frå mai til november. Omsyn til flaumsikring må likevel vere ein viktig del av vurderinga. Dette må spesifiserast med datoar. I denne perioden kan det ikkje tillatast stor reguleringsvariasjon.
- Problematikken rundt frostrøyk må utgreiast. Ein må synleggjere om overvatn på eit islagt vatn vil skape problem dei kaldaste vinterdagane. Det kan ikkje gjevast løyve til å produsere, eller pumpe vatn frå magasinet på ein slik måte som at det forverrar problema ein har ved dagens anlegg.
- Ein må vurdere endringar i HRV/LRV i Valldalsvatnet og Votna, i ljøs av moderne natur- og miljøkrav, om desse vert endra til «pumpekraft-magasin».
- Krav om minstevassføring i alle bekker og elver
- Kommunen krev at manøvreringsregima vert oppdatert til moderne natur- og miljøkrav. Desse må vere slik at erosjonsskader vert redusert.

### **Landskap**

- Landskapsinngrep må gjerast så små som mogleg, stadeigne massar må takast vare på og nyttast til revegetering.

### **Naturmangfald**

- Anleggsvegar og andre midlertidige arealbehov som til dømes riggområde skal leggst utanfor myr, snøleier og våtmarksområde. Det skal også visast aktsemd ved ferdsel på rabbar med tynt vegetasjonsdekke.
- Ullensvang kommune visar til tilrådde avbøtande tiltak som går fram frå fagrapporten, særleg til at det vert teke mest mogleg omsyn i anleggsfasen.
- Rapport utført av Norconsult på bestilling frå Ullensvang kommune, datert til 25.10.22 "Røldal Golf- Fagutredning Naturmangfold" bør nyttast som kunnskapsgrunnlag i vurdering av naturmangfald, spesielt knytt til tiltak for Røldal 2 pumpekraftverk.
- Ein forventar at det vert utarbeida eit betre kunnskapsgrunnlag om alle vassførekomstane som er påverka av Røldal-Suldal-reguleringa, for å få eit godt nok kunnskapsgrunnlag til å klassifisera vassførekomstane med høg presisjon i Vann- Nett. Deretter utarbeida og gjennomføra eigna tiltak for å betra miljøtilstand til "Godt økologisk potensial".

### **Villrein**

Ullensvang kommune krev at kunnskapsgrunnlaget for villrein må styrkjast, både for Hardangervidda- og Setesdal-Ryfylke villreinområde. Konklusjonane, og innhaldet, i

fagrapportane samsvarar verken med lokal oppfatning, eller den hjå dei utnemnde forvaltningsorgana. Det må stillast krav om at det vert utarbeida nye fagrapportar, av uavhengige aktørar.

Ullensvang kommune visar her til brev innsendt 9. juli, samt fråsegner frå Villreinnemnda for Hardangervidda, Villreinnemnda for Setesdal–Ryfylke, Statsforvalteren i Vestland, Statsforvalteren i Rogaland, Statsforvalteren i Vestfold og Telemark og Statsforvalteren i Agder.

Ullensvang kommune støttar, og opprettheld, alle krav om tilleggsutgreiingar som framkjem av desse fråsegnene. Tiltak som ikkje forringar trekkvegane, eller redusere den samla belastninga for villrein, må ha høg prioritet i behandlinga av konsesjonssøknaden.

Det er til dømes avgjerdane at ein:

- Skaffer betre kunnskap om påverknad og konsekvens for villreinstamma på Hardangervidda.
- Vurderer konsekvensane for villreinen ved pumpekraftverk i Valldalen og Votna.
- Vurderer konsekvensane for villreinen ved Votna ved nytt pumpekraftverk og ny tunneltrasé for E134.
- Ikkje forringar trekkorridorar verken om sommar– eller vinterstid.
- Vurderer om pumpekraftverk kan nyttast vinterstid utan å øydelegge trekkvegane til villrein over islagte vatn
- Vurderer om tersklar over Votna kan ha ein positiv effekt. Då slik at villrein kan passera over i tråd med forvaltningsmåla.
- Ikkje arbeider under kalvingsperiodane.
- Anleggsarbeidet unngår å forstyre villreinen i vinterhalvåret
- Etablerer villreinfond for Hardangervidda og Setesdal–Ryfylke villreinområde.

### **Konsekvensar for friluftsliv, vegar og tilkomst**

- Regulanten må sikra permanent tilgang til Valldalen og Hardangervidda heile året, slik at lokalbefolkning, og oppsitjarar, kan nytte Valldalen som forutsett. Om isen ikkje kan nyttast som ferdselsåre, må det vere konsesjonæren sitt ansvar å etablere ein sikker alternativ trase. Ullensvang kommune krev at dette kjem inn som konsesjonsvilkår.
- Fungerande båtutsett må etablerast i alle reguleringsmagasin, for å tilretteleggje for fisking og båtbruk. I dei større reguleringsmagasinga (Valldalen og Røldalsvatnet) må ein etablere fleire båtutsett, som er fordelt rundt vatnet.
- Kartlegge påverking for bruk av Votna for ski. Ein må gjere greie for om det er mogleg å etablere ei sikker skiløype rundt magasinet.
- Tilretteleggje for fisking, båtbruk og bading i Røldalsvatnet uavhengig av vasstand.

### **Naturressursar**

- Ein skal gjennomføra ytterlegare undersøkingar knytt til strømningsforholda i området mellom Røldalsvatnet med deponi på Fjetland og grunnvassbrønnane til Røldal vassverk. Det må gjennomførast ei risikovurdering knytt til deponering av massar innanfor Røldal vassverk si omsynssone 3.
- Konsesjonær må påleggjast å koste reservervassbrønn ved Røldal vassverk. Ullensvang kommune krev at konsesjonær får det fulle og heile økonomiske ansvaret for utbetring av grunnvassbrønnane, om desse i framtida vert påverka grunna avrenning frå deponia.

- Ullensvang kommune krev at det vert gjennomført ei ny vurdering for konsekvensar i landbruket. Ein ynskjer primært at mest mogleg av steinmassane vert nytta til samfunnsnyttige formål. Ein må til dømes vurdere om ein kan nytte massane til nydyrking, eller utbetring av eksisterande landbruksareal. Slike tiltak skal i tilfelle prioriterast, og det bør følgje med gjennomføringsbidrag frå regulanten. Ein må greie ut kva konsekvensar det får om deponiet overlappar med jordbruksland på eigedom gnr./bnr. 30/1.
- Utslepp, søl og uhell knytt til anleggsmaskiner, anleggsarbeid og transport kring vassverk må vera del av risikovurderinga som skal utførast.

### **Hydrologi og hydrologiske data**

- Kartlegging og overvåking av moglege område som kan verta påverka av hydrologiske effekter, som erosjon, og eventuell utbetring av lokale punkt med erosjon, må verta vurdert etter behov.
- Lyse Kraft DA må utarbeide ein skiltplan for å opplyse om dei områda som no får endra vassføring, då isdanninga vil verta svekka grunna pumping.
- Utarbeide eit prøvereglement på minimum 5 år for å optimalisere ei best mogleg tilpassa vassføring, og at vassføring kan verte revidert om ho ikkje gjev tilfredsstillande omsyn til eller betring av samfunn og miljø.

### **Samfunn**

- Konesjonæren må påleggjast å greie ut alternative massedeponi, og vurdere å fordele steinmassane mellom fleire lokasjonar, om dette gjev ein avbøtande effekt. Til dømes skal ein sjå om dette kan vere hensiktsmessig å utvide arealet til noverande kraftstasjon sydover. Ein må leggje fram ein plan for samfunnsnyttig bruk av steinmassane. Samtidig må ein konsekvensutgreie alternative trasear for massetransport, spesielt alternativ vest for massetransport til Liamyrane.
- Primært ynskjer ein at all transport til og frå kraftstasjonen i Lynghamrane går utanom sentrum. Regulanten må også i denne samanheng konsekvensutgreie alternativ vest. Ullensvang kommune krev at regulanten gjennomfører dei avbøtande tiltaka som er naudsynte for å trafikksikre skule-, barnehage- og idrettsområdet. Midlertidig steinfylling, og vegtrase, over det gamle elveløpet ved kanalen, skal vurderast som alternativ til noverande bru.
- I anleggsperioden kan det vere behov for restriksjonar knytt til arbeidstid for støyande arbeider og eventuell tungtransport gjennom Røldal sentrum.
- Konesjonæren må påleggjast å greie ut kva ei eventuell steinfylling i Røldal kan nyttast til. Dette skal gjerast i samråd med Ullensvang kommune. Kostnadane med etablering av eventuelle tiltak skal dekkjast av konesjonæren. Dømer på tiltak kan vere golfbane, ski- og turløyper, båtutsett, båtanlegg osv.
- Krav om skjerming og reinhald knytt til støy og støvplager for bustadar og andre bygg under anleggsperioden.
- Det må gjerast vurderingar av folkehelse ved transport av massar gjennom Røldal sentrum.
- Vegen til kraftstasjonen i Lynghamrane er ein skuleveg. På Fjetland er denne smal, utan gateljos eller fortau. Konesjonæren må påleggjast å utbetre dette, frå avkøyring ved E134 til kraftstasjonen i Lynghamrane.

## **Skredfare**

- Tiltak må nytta gjeldande regelverk for vurdering av skredfare.

## **Forureining**

- Lyse Kraft DA må gjere greie for konsekvensane av støy og støv for vegtrasé alternativ vest henta frå side 31 av 43 i Norconsult sin fagrapport "Samfunn", og vurdere oppgradering av vegen og brua for å tole anleggstrafikk. Ein skal alternativt greie ut om ein kan etablere midlertidig vegtrase over det gamle elveløpet.
- Lyse Kraft DA må gjere greie for anleggsstøy og støv for transport av massar frå dam Valldalen til deponi Liamyane.
- Støvspreiing frå tungtrafikk vil kunna verke skjemma for bebuarar langs vegen, og følgjande tiltak bør vurderast i anleggsperioden:
  - Regelmessig feiing/reingjering av anleggsvegar med hardt dekke
  - Regelmessig feiing/reingjering av offentleg veg der anleggstrafikk køyrer
  - Reingjering av dekk på anleggskøyretøy/lastebilar før utkøyring på offentleg veg
  - Tildekking eller vatning av last om støvspreiinga vert stor ved transport av massar
  - Tidsbegrensing av tungtrafikktransport bør vurderast i periodar når lokalsamfunnet er sårbart for luftforureining.
- Ullensvang kommune forventar at steinmassar og deponi vert handtert i samsvar med gjeldande lovverk. Nytteverdi, geologi og kjemisk samansetning vil vere usikker fram til det er gjennomført kvalitetsanalyser og kontroll av dei utsprengte massane. Ullensvang kommune er positiv til å nytte tunnelmassane til noko samfunnsnytting, om kvaliteten til massane tillet dette. Framtidige, og utforutsette utgifter i samband med forureining frå steinmassar, deponi, eller avrenning frå deponi, må vere konsesjonæren sitt ansvar, uavhengig av framtidig eigarskap til deponiområdet.
- Ved utvikling av deponiområde til samfunnsnyttige formål må det følgja med årlege midlar til vedlikehald, dersom kommunen, eller andre, skal ta over eigarskapet til deponiområda. Desse midlane skal fastsetjast, og indeksregulerast årleg. Døme på tiltak som kan vere aktuelle er vidareføring og vidareutvikling av skiløyper, saman med eventuelt golfbaneanlegg. Slik vil området ha mogleg bruk heile året.

## **Kulturmiljø**

- Det er føremålstenleg å sjå på avbøtande tiltak, herunder rekkjefølgjekrav om trygging/utbetring av ferdselsvegar langs strandsona, der det let seg gjennomføre utan for store ulemper for naturen. Avbøtande tiltak utformast i dialog med grunneigarar og andre interessenter som kjenner til problematikken i områda.

## **Fisk og vassmiljø**

- Krav om minstevassføring i alle bekkar og elvar
- Etablere ei grundig overvaking av vasskvalitet og fiskebestand i alle berørte vassdrag, for å kunne vurdere effekten av tiltaka og eventuelt justere praksis.
- Tiltak for å hindra spreining av ørekyte frå Votna til Storelva/Røldalsvatnet
- Spyleflaumar i Storelva bør ikkje reduserast

- Røldal Fiskefond vart oppretta som ein del av konsesjonsvedtaket i 1963. Regulanten må påleggjast årlege innbetalingar til dette fondet på kr 50 000. Summen skal indeksjusterast kvart år med utgangspunkt i 2019.

## Utval for samfunn, plan og næring 22.01.2025

### Nytt framlegg til vedtak, sett fram av Lisa Karine Haugland, Raudt

1. Ullensvang kommunestyre krev at Energidepartementet gir innsyn i alle relevante dokument i samband med omgjeringa av konsesjonsvilkåra for RSK-anlegga og etableringa av Lyse kraft DA.
2. Ullensvang kommunestyre krev at Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) pålegg Lyse kraft DA å innhenta ei uavhengig utgreiing av alle miljøkonsekvensar for konsesjonssøknaden.
3. Ullensvang kommunestyre avviser at Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) gjev Lyse kraft DA løyve til konsesjon av nye kraftverk på noverande tidspunkt.

### Felles framlegg frå AP/H/INP, sett fram av Vidar Solvi, Arbeidarpartiet

1. Ullensvang kommunestyre rår i frå at NVE gjev Lyse Kraft DA på vegne av RSK DA konsesjon for Røldal 2 pumpekraftverk og Novle 2 pumpekraftverk. Utbyggingane har negative konsekvensar. Kommunestyret ser det ikkje sannsynleg at avbøtande tiltak veg opp for negative konsekvensar.

Kommunestyret viser til statsforvaltarane sine innsigelsar og krav. Ullensvang stiller seg bak desse. Kommunen kan ikkje så langt sjå at søkaren har vist tilstrekkeleg vilje til å imøtekomma moderne miljø og naturkrav.

Ullensvang kommunestyre kan ikkje stilla seg positive til utbygginga utan at ei rekke krav vert ivaretekne:

- Nye miljøvilkår må fastsettast i revisjonssaka før ny konsesjonssøknad vert vurdert, og få verknad i ny konsesjonssak for pumpe- og effektkraftverk Røldal 2 og Novle 2.
- Valldalsvegen må overførast til RSK og oppgraderast. Det er avgjerande at det vert sikra tilkomst heile året.
- Omsyna til reinsdyr må ivaretakast. Anten ved å gå bort frå inngrep som er negative for reinsdyra, eller ved å avbøta med tiltak som veg opp for konsekvensane. Her skiller eitt tiltak seg ut; **Det må byggast lang Haukelitunnel.** Tiltaket vil gje det desidert største moglege samanhengande området for villrein.
- Eventuell steinfylling ved Røldalsvatnet må legga til rette for permanent og trygt båtald slik bygdefolket har bedt om. Steinfyllinga må tilretteleggast i tråd med lokale ønske. Til dømes som areal til planlagt golfbane og utbygging av denne.
- Utbyggingsavtale – Utbygginga vil i ei tid medføre store belastningar i Røldalsbygda. Dette må ivaretakast i ei utbyggingsavtale som sikrar lokale positive effektar. Avtala må innehalda forpliktande avtalar om at ein bygger enkelte permanente bygningar i staden for midlertidige brakker. Og at bygningane kan overdragast til kommunen

*etter utbygginga. Vidare må eventuell steinfylling opparbeidast med ferdig areal som golfbane, som for tida er planlagt på anna areal.*

- Ullensvang kommune krev at det kjem forpliktande formuleringar om lokale stillingar i konsesjonsvedtaket.*
- Det er ei klar forventning at RSK skal vera ein sterk bidragsytar til lokalssamfunnet gjennom bidrag til idrett, kultur, frivillig arbeid og friluftsliv. Særleg ser ein satsing på Pilgrimssenter som eitt prosjekt konsesjonæren bør bidra til.*
- Det må gjerast trafikktryggleikstiltak på vegar som gjer utbygginga til ei minst mogleg belastning for lokalbefolkninga.*
- Ein visar ellers til vedlegget "Ullensvang kommune si vilkårsliste ved konsesjon for Røldal 2 og Novle 2."*
- Tilrettelegging for lokale leverandørar. RSK skal i samarbeid med Kommunen arbeida for at lokalt næringsliv er budde og rusta til å posisjonera seg for tenesteleveranser i høve til utbyggingsprosjekta. RSK skal søka å leggja til rette for at lokale leverandørar kan konkurra om oppdrag, enten direkte eller indirekte som underleverandørar/-entreprenørar. Det finst mange bedrifter lokalt som har lang erfaring og kompetanse til å utføra store prosjekt. Dei vil vera nøkkelfressursar ved ei eventuell utbygging.*

### **Behovet for kraftverka**

*Kommunen ser at ulike rikspolitikarar uttalar seg ukorrekt om utbygginga. Moderniseringa av RSK medfører reduksjon i netto produksjon av kraft. Det vil sei at ein skal bruka 1 TWh til å pumpa opp vatn, og produsera 0,8 TWh. Det er uheldig at det stadig vert opplyst det motsette. Utbygginga medfører ei halvering av antal driftstimar ved anlegget. Dei nye kraftverka har større turbinar som gjer større natur og miljøbelastningar. Anlegga skal produsera straum med høge prisar. I følge myndighetene skal slike kraftanlegg balansera kraftproduksjonen til store vindkraftanlegg. Ikkje minst framtidige dyre havvindparkar. Dyr effekt og pumpekraft skal balansera dyr havvind. Det må avklarast korleis dette påverkar framtidige straumprisar og nettavgifter til forbrukarane.*

### **Usikre økonomiske konsekvensar**

*Uavhengig av andre konsekvensar, er det uavklarte økonomiske konsekvensar av tiltaket. Ullensvang kommune har bedt om å få lagt fram konkrete heilskaplege økonomiske konsekvensar for vertskommunane. Så langt kan vi ikkje sjå at søkaren har greidd å leggja dette fram. Det er uråd for kommunen å konkludera med om tiltaket medfører økonomisk vinst eller tap. Dersom tiltaka gjer økonomisk vinst, verkar dei i beste fall å vera marginale. Dei kan vera negative økonomiske følger i lang tid. I strid med regjeringa sine målsettingar om at vertskommunar for naturressursar skal få meir att for å stilla naturen til disposisjon for storsamfunnet. Kraftanlegget sin nettoproduksjon går ned med 200 GWh, noko som resulterer i at kommunen sine konsesjonskraftinntekter vert redusert som følge av utbygginga. Lyse Kraft DA/RSK har estimert at Ullensvang kommune vil få omlag 10 millionar kroner i årlege auka skatteinntekter. Lyse Kraft DA/RSK meiner sjølv at tala er usikre.*

*Ullensvang kommune krev at kommunen og RSK inngår bindande avtale om at kommunen sine samla årlege inntekter minimum skal auke med 10 millionar frå dagens nivå. Summen skal indeksjusterast kvart år.*

### **Kraftverka som tener mest skattar minst**

*Verdet (taksten) av anlegg som nemnt i skatteloven § 18-5 første leden skal ikkje settast høgare enn kr 2,74/kWh av 1/7 av grunnlaget for anlegget si samla produksjon av elektrisk kraft for inntektsåret og dei seks foregåande åra.*

*Dei fleste anlegg har nådd maksimumsverdien. Mange med særskild god margin. Effekt og pumpekraftverk som ved RSK, vil ligga svært langt over makstaket på kr. 2,74/kWh.*

*Eigedomsskatt på kraftverk fangar ikkje lenger opp den reelle omsetningsverdi, men er blitt ei fast avgift på kr 2,74/kWh, stikk i strid med all logikk. Dette må vera den einaste skatten der ein skattar minst når ein tener mest. Regelverket må endrast ved at makstaket vert fjerna. Då vil ein skatta i høve reell omsetningsverdi. Dette er ei endring vi oppfattar at også søkeren ønsker.*

### **Andre tilhøve**

*RSK skulle heimfalla til staten i 2022. Då konsesjonen var 60 år. Kommunane har forhalda seg til dette. Ved ulike lovendringar gjorde staten det mogleg for selskapa å unngå heimfall. Stikk i strid med intensjonen. Såleis har staten mista store verdiar til evig tid. Vidare har fylkeskommunane og kommunane tapt sin andel av heimfallet til evig tid. Vi kan ikkje sjå at dette har vore i staten, fylkeskommunane, eller kommunane sine interesser. Innbyggjarane nasjonalt og lokalt har tapt. Vidare er i praksis den grunnfesta heimfallsretten med dette undergrava.*

### **Næringsfond**

*Stortinget har pålagt NVE å vurdere næringsfond. Inngrepa RSK medfører er uakseptable i dag. Inngrepa ville ikkje blitt godkjent. Oppgraderinga fører til ytterlegare naturinngrep i tillegg til dei allereie uakseptable inngrepa som er gjort. Grunnlaget for næringsfond er at det skal vera store inngrep. Den terskelen er overtrådd med svært god margin. Det er få om nokon kraftanlegg som har så store natur og miljøkonsekvensar som RSK. Basert på samanliknbare anlegg, er Ullensvang kommune komen fram til at eitt næringsfond må ha ein eingongssum på 250 millionar kroner. Fortrinnsvis ønsker vi årlege utbetalingar.*

### **Eigarskap**

*Eigarane av kraftverk kjem i dag stadig betre ut økonomisk sett. Vertskommunane opplever stadig oppattakande trugsmål mot å få sin andel av verdiskapinga. Eigarkommunar opplever ikkje desse trugsmåla og får behalda aukande verdiskaping frå kraftanlegg. Sidan det jamnleg vert framsett trugsmål mot vertskommunane sin andel av verdiskapinga (som t.d. Sanderudutvalet), vil det tryggaste for vertskommunane til RSK vera å få ein andel av eigarskapen. Det ville i motsetnad til andre høve, sikra at vertskommunane også i framtida kan vera rimeleg trygge på å få ein andel av verdiskapinga lokalt.*

*Pkt. 2, 3 og 4 som tilrådinga frå rådmannen.*

### **Røysting:**

Tilrådinga frå rådmannen fekk ingen røyster og fall.

Fellesframlegget frå AP/H/INP vart tilrådd med 12 mot 1 røyst. Mindretalet røysta for framlegget frå L. K. Haugland (R)

## USPN – 005/25 Vedtak

### Tilråding:

1. Ullensvang kommunestyre rår i frå at NVE gjev Lyse Kraft DA på vegne av RSK DA konsesjon for Røldal 2 pumpekraftverk og Novle 2 pumpekraftverk. Utbyggingane har negative konsekvensar. Kommunestyret ser det ikkje sannsynleg at avbøtande tiltak veg opp for negative konsekvensar.

Kommunestyret viser til statsforvaltarane sine innsigelsar og krav. Ullensvang stiller seg bak desse. Kommunen kan ikkje så langt sjå at søkaren har vist tilstrekkeleg vilje til å imøtekomme moderne miljø og naturkrav.

Ullensvang kommunestyre kan ikkje stilla seg positive til utbygginga utan at ei rekke krav vert ivaretekne:

- Nye miljøvilkår må fastsettast i revisjonssaka før ny konsesjonssøknad vert vurdert, og få verknad i ny konsesjonssak for pumpe- og effektkraftverk Røldal 2 og Novle 2.
- Valldalsvegen må overførast til RSK og oppgraderast. Det er avgjerande at det vert sikra tilkomst heile året.
- Omsyna til reinsdyr må ivaretakast. Anten ved å gå bort frå inngrep som er negative for reinsdyra, eller ved å avbøta med tiltak som veg opp for konsekvensane. Her skiller eitt tiltak seg ut; **Det må byggast lang Haukelitunnel.** Tiltaket vil gje det desidert største moglege samanhengande området for villrein.
- Eventuell steinfylling ved Røldalsvatnet må legga til rette for permanent og trygt båtald slik bygdefolket har bedt om. Steinfyllinga må tilretteleggast i tråd med lokale ønske. Til dømes som areal til planlagt golfbane og utbygging av denne.
- Utbyggingsavtale – Utbygginga vil i ei tid medføre store belastningar i Røldalsbygda. Dette må ivaretakast i ei utbyggingsavtale som sikrar lokale positive effektar. Avtala må innehalda forpliktande avtalar om at ein bygger enkelte permanente bygningar i staden for midlertidige brakker. Og at bygningane kan overdragast til kommunen etter utbygginga. Vidare må eventuell steinfylling opparbeidast med ferdig areal som golfbane, som for tida er planlagt på anna areal.
- Ullensvang kommune krev at det kjem forpliktande formuleringar om lokale stillingar i konsesjonsvedtaket.
- Det er ei klar forventning at RSK skal vera ein sterk bidragsytar til lokalssamfunnet gjennom bidrag til idrett, kultur, frivillig arbeid og friluftsliv. Særleg ser ein satsing på Pilgrimssenter som eitt prosjekt konsesjonæren bør bidra til.
- Det må gjerast trafikktryggleikstiltak på vegar som gjer utbygginga til ei minst mogleg belastning for lokalbefolkninga.
- Ein visar ellers til vedlegget “Ullensvang kommune si vilkårsliste ved konsesjon for Røldal 2 og Novle 2.”
- Tilrettelegging for lokale leverandørar. RSK skal i samarbeid med Kommunen arbeida for at lokalt næringsliv er budde og rusta til å posisjonera seg for tenesteleveranser i høve til utbyggingsprosjekta. RSK skal søka å legga til rette for at lokale leverandørar kan konkurra om oppdrag, enten direkte eller indirekte som underleverandørar/–entreprenørar. Det finst mange bedrifter lokalt som har lang erfaring og kompetanse til å utføra store prosjekt. Dei vil vera nøkkelressursar ved ei eventuell utbygging.

### **Behovet for kraftverka**

Kommunen ser at ulike rikspolitikarar uttalar seg ukorrekt om utbygginga. Moderniseringa av RSK medfører reduksjon i netto produksjon av kraft. Det vil sei at ein skal bruka 1 TWh til å pumpa opp vatn, og produsera 0,8 TWh. Det er uheldig at det stadig vert opplyst det motsette. Utbygginga medfører ei halvering av antal driftstimar ved anlegget. Dei nye kraftverka har større turbinar som gjer større natur og miljøbelastningar. Anlegga skal produsera straum med høge prisar. I følge myndigheitene skal slike kraftanlegg balansera kraftproduksjonen til store vindkraftanlegg. Ikkje minst framtidige dyre havvindparkar. Dyr effekt og pumpekraft skal balansera dyr havvind. Det må avklarast korleis dette påverkar framtidige straumprisar og nettavgifter til forbrukarane.

### **Usikre økonomiske konsekvensar**

Uavhengig av andre konsekvensar, er det uavklarte økonomiske konsekvensar av tiltaket. Ullensvang kommune har bedt om å få lagt fram konkrete heilskaplege økonomiske konsekvensar for vertskommunane. Så langt kan vi ikkje sjå at søkaren har greidd å leggja dette fram. Det er uråd for kommunen å konkludera med om tiltaket medfører økonomisk vinst eller tap. Dersom tiltaka gjer økonomisk vinst, verkar dei i beste fall å vera marginale. Dei kan vera negative økonomiske følger i lang tid. I strid med regjeringa sine målsettingar om at vertskommunar for naturressursar skal få meir att for å stilla naturen til disposisjon for storsamfunnet. Kraftanlegget sin nettoproduksjon går ned med 200 GWh, noko som resulterer i at kommunen sine konsesjonskraftinntekter vert redusert som følge av utbygginga. Lyse Kraft DA/RSK har estimert at Ullensvang kommune vil få om lag 10 millionar kroner i årlege auka skatteinntekter. Lyse Kraft DA/RSK meiner sjølv at tala er usikre.

Ullensvang kommune krev at kommunen og RSK inngår bindande avtale om at kommunen sine samla årlege inntekter minimum skal auke med 10 millionar frå dagens nivå. Summen skal indeksjusterast kvart år.

### **Kraftverka som tener mest skattar minst**

Verdet (taksten) av anlegg som nemnt i skatteloven § 18–5 første leden skal ikkje settast høgare enn kr 2,74/kWh av 1/7 av grunnlaget for anlegget si samla produksjon av elektrisk kraft for inntektsåret og dei seks foregåande åra.

Dei fleste anlegg har nådd maksimumsverdien. Mange med særleg god margin. Effekt og pumpekraftverk som ved RSK, vil ligga svært langt over makstaket på kr. 2,74/kWh.

Eigedomsskatt på kraftverk fangar ikkje lenger opp den reelle omsetningsverdi, men er blitt ei fast avgift på kr 2,74/kWh, stikk i strid med all logikk. Dette må vera den einaste skatten der ein skattar minst når ein tener mest. Regelverket må endrast ved at makstaket vert fjerna. Då vil ein skatta i høve reell omsetningsverdi. Dette er ei endring vi oppfatar at også søkaren ønsker.

### **Andre tilhøve**

RSK skulle heimfalla til staten i 2022. Då konsesjonen var 60 år. Kommunane har forhaldt seg til dette. Ved ulike lovendringar gjorde staten det mogleg for selskapa å unngå heimfall. Stikk i strid med intensjonen. Såleis har staten mista store verdiar til evig tid. Vidare har fylkeskommunane og kommunane tapt sin andel av heimfallet til evig tid. Vi kan ikkje sjå at dette har vore i staten, fylkeskommunane, eller kommunane sine interesser. Innbyggjarane nasjonalt og lokalt har tapt. Vidare er i praksis den grunnfesta heimfallsretten med dette undergravd.

### **Næringsfond**

Stortinget har pålagt NVE å vurdere næringsfond. Inngrepa RSK medfører er uakseptable i dag. Inngrepa ville ikkje blitt godkjent. Oppgraderinga fører til ytterlegare naturinngrep i tillegg til dei allereie uakseptable inngrepa som er gjort. Grunnlaget for næringsfond er at det skal vera store inngrep. Den terskelen er overtrådt med svært god margin. Det er få om nokon kraftanlegg som har så store natur og miljøkonsekvensar som RSK. Basert på samanliknbare anlegg, er Ullensvang kommune komen fram til at eitt næringsfond må ha ein eingongssum på 250 millionar kroner. Fortrinnsvis ønsker vi årlege utbetalingar.

### **Eigarskap**

Eigarane av kraftverk kjem i dag stadig betre ut økonomisk sett. Vertskommunane opplever stadig oppattakande trugsmål mot å få sin andel av verdiskapinga. Eigarkommunar opplever ikkje desse trugsmåla og får behalda aukande verdiskaping frå kraftanlegg. Sidan det jamnleg vert framsett trugsmål mot vertskommunane sin andel av verdiskapinga (som t.d. Sanderudutvalet), vil det tryggaste for vertskommunane til RSK vera å få ein andel av eigarskapen. Det ville i motsetnad til andre høve, sikra at vertskommunane også i framtida kan vera rimeleg trygge på å få ein andel av verdiskapinga lokalt.

2. Ullensvang kommunestyre ber Energidepartementet utarbeida eit regelverk som er tilpassa pumpe- og effektkraftverk, slik at vertskommunane sine rettar vert ivaretekne.
3. Ullensvang kommunestyre ber NVE påleggje Lyse Kraft DA å inngå utbyggingsavtalar med vertskommunane Ullensvang og Suldal.
4. Nye miljøvilkår må fastsettest i revisjonssaka før ny konsesjonssøknad vert vurdert, og få verknad i ny konsesjonssak for pumpe- og effektkraftverk Røldal 2 og Novle.

### **Saksopplysningar:**

På vegne av RSK DA har Lyse Kraft DA sendt inn søknad til Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) om konsesjon til å bygga og driva 5 nye kraftverk i Røldal–Suldal-reguleringa. NVE har gjeve Ullensvang kommune utsett frist til 10. mars 2025 på å koma med uttale til ny konsesjonssøknad.

Røldal–Suldalvassdraga består av to hovudgreiner, vestre og austre vassdrag. Det vestre vassdraget ligg i Ullensvang kommune. I Ullensvang vert det søkt om nytt Røldal 2 pumpekraftverk og Novle 2 pumpekraftverk. Kraftverka vil nytta dei same reguleringsmagasina som eksisterande kraftverk, men gje meir fleksibel produksjon av kraft. – Røldal 2 pumpekraftverk nyttar fallet mellom Votna (1020 – 975) og Røldalsvatnet (380 – 363). Kraftstasjonen blir eit anlegg i berg og det skal installerast to reversible pumpeturbinar (RPT) med total slukeevne 50 m<sup>3</sup>/s i turbindrift. Kraftverket skal utstyrast med to vertikaloppstilte pumpeturbinar. I pumpedrift er pumpekapasiteten mellom 40 m<sup>3</sup>/s og 46

m<sup>3</sup>/s, avhengig av pumpehøgda. Installert effekt blir totalt 293 MW / 340 MVA.

– Novle 2 pumpekraftverk nyttar fallet mellom Votna (1020 – 975) og nivået i Valldalsmagasinet (745 – 675). Kraftstasjonen blir eit anlegg i berg og det skal installerast ein reversibel pumpeturbin (RPT) med slukeevne 30 m<sup>3</sup>/s i turbindrift. I pumpedrift er pumpekapasiteten mellom 21 m<sup>3</sup>/s og 33 m<sup>3</sup>/s, avhengig av pumpehøgda. Installert effekt blir 92 MW / 105 MVA.


Vasstanden i dei ulike vatna vil bli mest påverka av pumpekraftverka når vasstanden deira er låg. Både når det gjeld fylling i Votna og tømning av Valldalsvatnet og Røldalsvatnet.

Ved pumping frå Røldalsvatnet til Votna vil maksimal pumpekapasitet vera inntil 50 m<sup>3</sup>/s. Teoretisk sett vil det kunna flyttast inntil ca. 4 mill. m<sup>3</sup>/døgn mellom magasinane. Vasstanden i Røldalsvatnet vil kunna reduserast med inntil mellom 50 cm og 75 cm pr. døgn.

Ved pumping frå Valldalsvatnet til Votna vil maksimal pumpekapasitet vera inntil 30 m<sup>3</sup>/s og det kan flyttast ca. 2,6 mill. m<sup>3</sup>/døgn mellom magasinane. Dette vil redusere vasstanden i Valldalsvatnet mellom ca. 0,5 m til 2 m pr. døgn.


Dersom både Røldal 2 og Novle 2 pumpar med maksimal kapasitet samstundes kan vasstanden i Votna auka med mellom 1,5 til 4 m i døgnet. I tillegg kjem bidrag frå lokalt tilsig.

Det vil bli naudsynt med fleire deponi. Frå tverrslag Fossen (Røldal 2) og tverrslag Votna (Novle 2) vil det produserast ca. 220 000 m<sup>3</sup> tunellstein som skal leggst som utviding av eksisterande deponi ved Votna og nye deponi ved Fossen.



*Utklipp frå konsesjonssøknaden som viser planlagde deponi ved Votna:*

Mengda tunellstein som skal fraktast ut av tilkomsttunellen ved Røldal 2 kraftverk er anslått til ca. 450 000 m<sup>3</sup>.



*Utklipp frå konsesjonssøknaden som viser planlagde deponi i Røldal og Liamyrane:*

Massane frå tverrslag Votna (Novle 2) skal leggst i felles deponi med massane frå Røldal 2 i deponia ved Votna. Deponivolum frå tverrslag Votna er anslått til ca. 30 000 m<sup>3</sup>.

Mengde tunellstein som skal fraktast ut av tverrslaget ved Baklia (tverrslag Novle 2) er anslått til ca. 550 000 m<sup>3</sup> og mengde tunellstein frå tverrslaget nedstraums dam Valldalen er anslått til ca. 45 000 m<sup>3</sup>.

Det er utarbeidd konsekvensutgreiingar for 11 tema av Norconsult. Lyse Kraft DA meiner at samla sett er fordelane med å gjennomføra omsøkte utbyggingsløysingar etter deira vurdering større enn ulempene.

|                        | Naturmangfold             |                        |                        | Landskap                   | Kulturminner           | Friluftsliv                | Naturressurser             | Vannmiljø              |
|------------------------|---------------------------|------------------------|------------------------|----------------------------|------------------------|----------------------------|----------------------------|------------------------|
|                        | Fisk og ferskvannsbiologi | Naturmiljø             | Villrein               |                            |                        |                            |                            |                        |
| <b>Vestre vassdrag</b> |                           |                        |                        |                            |                        |                            |                            |                        |
| Røldal 2 + Novle 2     | Noe negativ konsekvens    | Noe negativ konsekvens | Noe negativ konsekvens | Middels negativ konsekvens | Noe negativ konsekvens | Middels negativ konsekvens | Middels negativ konsekvens | Noe negativ konsekvens |
| Nettliknytning         | Ingen konsekvens          | Ubetydelig konsekvens  | Ingen konsekvens       | Ubetydelig konsekvens      | Ubetydelig konsekvens  | Ubetydelig konsekvens      | Ubetydelig konsekvens      | Ingen konsekvens       |

*Utklipp frå konsesjonssøknaden, figur som viser samla konsekvens for vestre vassdrag jf. Norconsult sine fagrapportar:*

Samla sett får vestre vassdrag vurderinga middels negativ konsekvens.

Økonomiske konsekvenser eigedomsskatt og naturressursskatt:

Lyse Kraft DA sine utrekningar viser at Ullensvang kommune vil få om lag 11 mnok auke i årlege eigedomsskatteinntekter i produksjonsperioden. Estimatet viser om lag 1 mnok

reduksjon i årlege inntekter frå naturressursskatt.


Røldal–Suldal: drift av eksisterande 9 kraftverk + drift av 5 nye fra 2034. Tre av dei fem nye er pumpekraftverk (Røldal 2, Novle 2 og Kvanndal 2). Ullensvang får ikkje andel av alle ni kraftverka. I byggeperioden frå 2028–2031 vil inntektene frå eigedomsskatt stige frå 2 mnok i 2028 til 16 mnok i 2031. Makroføresetnader er blant anna inflasjon på 2 % årleg t.o.m 2053, alminneleg skattesats 22 %, grunnrente skattesats 57,7 %, max.verdi eigedomsskatt 2,74 kr/kWh.

Røldal 2 og Novle 2 er nye pumpekraftverk som Ullensvang vil få inntekter frå. Estimatet frå Lyse Kraft DA viser at formuesverdien vil ligge over maksimumsverdien for eigedomsskattegrunnlag i heile perioden.

Døme: i år 2040 er formuesverdi 4913,8 mnok for Røldal 2, medan maksimumsgrunnlaget er 2361,6 mnok. For Novle 2 (inkl. Novle) er formuesverdi 1036 i år 2040, medan maksimumsgrunnlaget er 611 mnok. Regjeringa føreslo i Statsbudsjettet for 2012 at maksimumsverdien i eigedomsskattelova § 8 B-1(4) skulle justerast årleg, men dette er ikkje gjennomført.

### Endring i eiendomsskatt og naturressursskatt i produksjonsperioden – per kommune

Oversikt over endring i eiendomsskatt og naturressursskatt i MNOK i produksjonsperioden som følge av OU



Lyse

### Vurdering:

Rådmannen har oppsummert og kommentert dei 11 konsekvensutgreiingane i vedlegget “Rådmannen sine vurderingar av konsekvensutgreiingsrapportane”.

Rådmannen har utarbeidd ei vilkårsliste i vedlegget “Ullensvang kommune si vilkårsliste ved konsesjon for Røldal 2 og Novle 2”.

Regelverket for eigedomsbeskatning og konsesjonsvilkår er ikkje oppdatert i høve pumpe- og effektkraftverk. Dette gir usikkerhet knytt til inntekstberekning. Maksimumsverdien i eigedomsskattelova bør justerast.

Oppdatering av regelverket kan vere insentiv til at kommunane skal stille seg positiv til utbygging av fornybar kraft. Vertskommunane bør bli økonomisk kompensert for utbygging av kraftanlegg. Skattemodellane for eigedomsskatt frå kraftanlegg bør justerast slik at risikoen for kommunane vert redusert ved utbygging av pumpe- og effektkraftverk.

Rådmannen har lagt uttalane frå Statsforvaltaren i Vestland, Røldal grunneigarlag og Røldal bygdalag med som vedlegg til saka. Alle uttalar kan finnast på nettsida til NVE.

**Samandrag konklusjon:**

Rådmannen vurderer at dersom regelverket rundt pumpe- og effektkraftverk blir revidert slik at vertskommunane har eit økonomisk insentiv, NVE pålegg Lyse Kraft DA å inngå utbyggingsavtale med vertskommunane, vilkåra i vedlagt dokument blir lagt til grunn for konsesjonen, og at vilkåra i revisjonen for RSK blir førande for ny konsesjon, kan Ullensvang kommunestyre stilla seg positiv til at Lyse Kraft DA får konsesjon for Røldal 2 og Novle 2.